

Frå: Sandane utviklingslag, org. nr. 929 654 315
sandaneutvikling@gmail.com

Til: Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no
Att: Ingar Hals


Sandane, 23.10.2023

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for fv. 615 Sandane-Storebrua


Sandane utviklingslag jobbar med saker som er viktige for Sandane si kulturelle, sosiale og næringsmessige utvikling, og er høyringsinstans for saker som er viktige for innbyggjarane på Sandane. Sørstrandsvegen har mykje trafikk og tungtransport, og vi meiner det er svært viktig å få på plass ei løysing som gir tryggare tilhøve for mjuke trafikantar. Vi er positive til at det no blir sett i gang detaljregulering mellom Sandane og Storebrua.

Vi har følgjande innspel til planarbeidet for fv. 615 Sandane- Storebrua:

1. **Snarvegar:** Sandane utviklingslag jobbar mellom anna med utbetring og etablering av snarvegar, som er eit viktig folkehelseiltak. På den aktuelle strekninga er det to gamle snarvegar som vi meiner må oppretthaldast for gåande. Begge går mellom Åsavegen og Sørstrandvegen. Sjå omtrentleg markering i kart under.



Snarveg 1 - mellom Åsavegen 45 og 47



Snarveg 2 - frå Åsavegen til naust og sjøboder i Sørstrandvegen

2. **Kryssingspunkt Elvaneset og trygg skuleveg:** For dei som bur på Elvaneset er det spesielt viktig at dei får eit trygt og godt kryssingspunkt til fortauet på oppsida av vegen. Gjer ein ikkje tiltak her vil ein få farlege kryssingar i svingen. Er det mogleg å leie gåande til eit tryggare kryssingspunkt, til dømes den rette strekninga aust for avkøyring til Elvaneset? Vi meiner kryssingspunktet bør planleggast med gangfelt, slik at køyrande får vikeplikt. Dersom dette ikkje er mogleg meiner vi det må vurderast ei gangbru, slik at skuleborn kan få ein trygg skuleveg.

3. **Kryssingspunkt Selvågane:** Selvågane er eit mykje nytta friluftsområde og badeplass, og det bur fleire skuleborn på nedsida av vegen. Her er det òg viktig å legge til rette for eit trygt og godt kryssingspunkt med vidare tilkomst til Selvågane, slik at det ikkje skjer farleg kryssing i svingen – fortrinnsvis med gangfelt.
4. **Støytiltak:** Mange av dei som bur nær fv. 615 opplever dagleg plagsam trafikkstøy innandørs og på uteareal. Vi ber om at det blir planlagt støytiltak og/eller støyskjerming for dei bustadane dette gjeld.
5. **Behov for langsiktig planlegging:** Vi er klar over at Storebrua ikkje er ein del av denne detaljreguleringa, men ber likevel om at Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune ser nærare på korleis ein kan løyse utfordringar som Sørstranda utviklingslag m.fl. har peika på i sitt innspel. Når det skal planleggast ny bru er det viktig å tenkje langsiktig og sjå heilskapleg på trafikktryggleik og framkomst på fylkesvegen, og kanskje også vurdere alternative trasear. Langsiktige løysingar må likevel ikkje kome i konflikt med planlegging av fortau på den aktuelle strekninga.

Med helsing
Styret i Sandane utviklingslag

Kopi til:

Gloppen kommune - postmottak@gloppen.kommune.no